

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
070/21	Formannskapet	PS	03.06.2021
052/21	Kommunestyret	PS	16.06.2021

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Odd Harald Dommersnes	FE-212	21/580

### Godkjenning av rekneskap 2020

#### Vedlegg

Austrheim kommune Årsregnskap 2020 15.04

Austrheim\_revisjonsmelding 2020

2021 04 28 Møteprotokoll - Austrheim kontrollutval (003)

Austrheim kommune - Økonomioversikt

#### Framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret vedtek Austrheim kommune sin årsrekneskap for 2020.
  
2. Kommunestyret vedtek å disponere årets rekneskapsmessige mindreforbruk til avsetning for disposisjonsfond kr. 6 622 326,65,-.

#### Formannskapet - 070/21 - 03.06.2021

#### FS - behandling:

Odd Harald Dommersnes, kommunalsjef økonomi- og personal, orienterte om arbeidet med årsrekneskapen. Denne er for 2020 laga både i Framsikt og som eit eige vedlegg som vart produsert for revisor.

For overskot 2020 og 2021 er det føringar frå Statsforvaltar om at kommunen skal setta dette av til disposisjonsfond.

Per Lerøy (Ap) sa at det er bra at det er samsvar mellom budsjett og rekneskap, både på inntekter og utgifter. Tidlegare år har det gjerne vore ei gliding der auka inntekter har gitt auka utgifter, utan politisk vedtak. Skal vera politiske vedtak for å auka utgiftene.

Odd Harald Dommersnes viste til at ein frå 2019 til 2020 ikkje auka utgiftene, særleg er det innan barnehage og skule god kontroll på utgiftene. Inger Lise Brekke (H) spurte om dette går ut over tilbodet til elevane, her svara kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug at det ikkje har gått ut over tilbodet til borna, men at det ikkje er heldig over tid å bruka så mykje mindre midlar enn budsjettet. Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at barnevern slo positivt ut i 2020 med eit mindreforbruk på kring 2 millionar kroner.

Odd Harald Dommersnes, kommunalsjef økonomi- og personal, gjekk gjennom tala slik dei ligg i Framsikt, under Økonomi og Personal.

Ordførar Per Lerøy (Ap) viste til vedtak gjort i Alver om å setta tilknytingsgebyret for vatn til landbruksbygg likt med avgifta for vanlege hus. Betalar forbruket etter eigne satsar. Dette bør gjerast i Austrheim også.

Odd Harald Dommersnes, kommunalsjef økonomi- og personal, viste til at kostnader til interkommunale samarbeid går opp utan at kommunen har påverknad. Rådmann Bjørnar Fjellhaug sa at det ikkje er mogleg å plussa på 1,1 millionar kroner årleg på desse IKS-samarbeida, kommunen må vurdera kva tilbod ein bør delta i.

Helge Dyrkolbotn (KrF) spurte om dei tilboda som vert gitt er gode nok, der det er reduserte utgifter, slik det har vore etter barnevernssamarbeid med Alver. Her svara Odd Harald Dommersnes at det handlar ein del om at Alver som større kommune kan forhandla seg til betre prisar.

Handsaming i formannskapet:

Samråystes for rådmannens framlegg til vedtak

#### **FS - vedtak:**

1. Kommunestyret vedtek Austrheim kommune sin årsrekneskap for 2020.
2. Kommunestyret vedtek å disponere årets rekneskapsmessige mindreforbruk til avsetning for disposisjonsfond kr. 6 622 326,65,-.

#### **Kommunestyret - 052/21 - 16.06.2021**

#### **KS - behandling:**

Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka. Tala viser mellom anna at kommunen har klart å halda budsjetta på personalutgifter. Elles har ein klart å redusera renteutgifter i 2021, desse var på 4,6 millionar i 2020.

Er framleis i Robek-registeret til Statsforvaltar har registrert det som skal registrerast, sannsynlegvis er dette klart i august.

I samband med kontrollutvalet sin uttale til årsrekneskapen viste Dommersnes til at det er ein del nytt i samband med at ein har gått over til Framsikt. Framover har ein inngått eit samarbeid med Stord kommune, som også brukar Framsikt, for å sikra at alt er på rett plass i samband med årsrekneskapen for 2021.

Dommersnes viste til at kommunestyret er suverene til å disponera mindreforbruket i 2020, men at Statsforvaltar har lagt føringar på det bør settast av til disposisjonsfond.

Revisor Janne Eraker sa at framstillinga av tala i årsrekneskapen ikkje følgjer krava etter lov og forskrift fullt ut, det gjev at det er sett etterhald i godkjenninga. Talmessig er dette eit godt rekneskap, og rekneskapen er sett opp på ein god og oversiktleg måte. Det er framstillinga som er utfordrande. For dei som brukar rekneskapen er det ikkje vesentleg informasjon som manglar, og det er ikkje noko som er utelete med vilje.

Eraker sa vidare at det er kjempebra at det er teke i bruk digitale løysingar som Framsikt, og revisionen ønskjer å henga med på den digitale utviklinga. Men det må vera mogleg å dokumentera at dokumenta for rekneskap og årsmelding er låste per dei datoane som gjeld for innlevering, der fristane er 22. februar for rekneskap og 31. mars for årsmelding.

Revisjonssjefen orienterte om at det pågår ein samanslåingsprosess der Nordhordland revisjon IKS har slått seg saman med Indre Hordaland Revisjon til Vestlandsrevisjon IKS, gjeldande frå 1.1.2021. Eraker er no revisjonssjef i både Vestlandsrevisjon IKS og Nordhordland revisjon IKS. Kan ikkje legga ned sistnemnde IKS før alle selskap som brukar denne er overførte, og det er det øvste organ i det enkelte selskap som må vedta bytte av revisor.

Vestlandsrevisjon IKS femner om kommunane/herada Voss, Ullensvang, Ulvik, Eidfjord, Austrheim, Fedje, Masfjorden, Modalen og Osterøy. Vestlandsrevisjon IKS har kontor på Knarvik og Voss, og har no mange kommunar der ein kan dra nytte av samarbeid.

Handsaming i kommunestyret:

Samråystes for rådmannen sitt framlegg til vedtak.

#### **KS - vedtak:**

1. Kommunestyret vedtek Austrheim kommune sin årsrekneskap for 2020.
2. Kommunestyret vedtek å disponere årets rekneskapsmessige mindreforbruk til avsetning for disposisjonsfond kr. 6 622 326,65,-.

#### **Saksopplysninger:**

Bakgrunn.

Kommunestyret skal sjølv vedta årsrekneskapen på grunnlag av innstilling frå formannskapet.

Vedtaket må angi disponering av rekneskapsmessig overskott eller dekning av rekneskapsmessig underskott, jf. kommunelova § 48. 3. ledd.

#### **Frå forskrift om årsrekneskap og årsberetning §10 hentast fylgjande:**

**1. ledd:** Årsrekneskapen og årsberetninga skal vedtakast av kommunestyret og fylkestinget sjølv seinast seks månader etter rekneskapsårets slutt.

**2. ledd:** Årsrekneskapen skal vere avgjort innan 15. februar i året etter rekneskapsåret.

**3. ledd:** Administrasjonssjefen eller kommune-/fylkesrådet utarbeidar årsberetninga, og legg den fram for det organ kommunestyret eller fylkestinget bestemmer.

Årsberetninga skal avgis utan ugrunna opphald, og seinast innan 31. mars. Dersom årsberetninga ikkje blir lagt fram for kontrollutvalet, skal den over sendast til kontrollutvalet før kontrollutvalet avgir uttale til årsrekneskapen. Årsberetninga skal føreligge til behandling i kommunestyret eller fylkestinget samtidig med at årsrekneskapen skal handsamast.

#### **Frå forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar mv. § 5 hentast følgjande:**

**1. ledd:** Revisor skal avgi revisjonsberetninga utan unødig opphald etter at årsrekneskapen er avlagt og seinast 15. april. Revisjonsberetninga skal avgis også der årsrekneskap ikkje føreligg eller er ufullstendig.

#### **Frå forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar. § 7 hentast følgjande:**

Når kontrollutvalet er blitt førelågt revisjonsberetningen frå revisor, skal utvalet avgi uttale om årsrekneskapen før det vedtas av kommunestyret eller fylkestinget. Uttalelsen avgis til kommunestyret eller fylkestinget. Kopi av uttalen skal være formannskapet/kommunerådet eller fylkesutvalet/fylkesrådet i hende tidsnok til at det kan tas omsyn til den før dette organet avgir innstilling om årsregnskapet til kommunestyret.

#### **Driftsregnskapet**

Driftsregnskapet for Austrheim kommune i 2020 viser eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr. **6.622.326,65,-**. Hendingar etter balansedagen (31.12.20) fram til årsrekneskapen er avlagt skal berre innarbeidast i årsrekneskapen dersom hendinga gir informasjon om tilhøve som eksisterte på balansedagen og vil ha rekneskapsmessige konsekvensar for årsrekneskapen.

Hendingar oppstått etter at årsrekneskapen er avlagt er kommunen ikkje pliktig å innarbeide i årsrekneskapen. Den pågåande korona-krisa i landet kan vurderast til å vere ei slik hending.

Kommunedirektøren vil i tertialrapport 1 ta opp dei økonomiske utfordringar knytta til krisa vi står midt oppe i no.

#### **Revisjonsberetninga og kontrollutvalet si uttale**

Dersom det kjem fram tilhøve i revisjonsberetninga eller kontrollutvalet si uttale som bør kommenterast av formannskapet, vil dette bli sendt fram i form av eit eige notat før saka skal handsamast av kommunestyret. Det er ein føresetnad at revisjonsberetning og kontrollutvalet si uttale ligge føre når kommunestyret skal handsama årsmeldinga for Austrheim kommune med årsberetning og årsrekneskap.

#### **Konklusjon.**

Netto driftsresultat er hovudindikatoren for økonomisk balanse i kommunesektoren, og er eit uttrykkfor kva kommunen har til disposisjon til avsetjingar og investeringar. Austrheim kommune har i sitt økonomireglement sett som mål at ein skal ha eit disposisjonsfond på 10 % av brutto driftsinntekter.

Kommunedirektøren rår til at heile mindreforbruket i 2020 blir avsett til disposisjonsfond.